



Byglandsnytt nr. 48 – august 2023

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland tlf. 37934700,
post@bygland.kommune.no. www.bygland.kommune.no

Neste utgåve: 01. september 2023. Send tips innan 29.08.

Opningstider Bygland kommunehus

- Sentralbord/**Publikumsmottaket**: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

Evje og Bygland legesenter tlf. 37 40 79 00 - Legevakt tlf. 116 117

telefontider måndag – fredag 08.30 – 11.30 og 13.00 – 15.00

- **Bygland legekantor** er stengt over sommaren
- **Evje legekantor**, Ljosheimvegen 5, 4735 Evje
måndag til fredag kl. 08.00 - 15.00

Tannlegeklinikken i Bygland via Evje tannklinikk tlf. 37 93 01 95

Sentrum 18, 4745 Bygland, 2. etg. på kommunehuset

Folkebiblioteket i Bygland tlf. 945 22 025 – open att frå **måndag 7. august**

	Bygland	Byglandsfjord
måndag	11.30 – 15.00	-
tysdag	16.00 – 18.00	10.00 – 14.15
torsdag	13.00 – 17.00	

Politiske møte, sakspapir og protokollar

Ingen politiske møte i august

Møta startar opp att frå 4. September.

Kunngjeringar

Kommune- og fylkestingsvalet 2023 – utlegging av manntal



Manntalet er lagt ut til offentlig ettersyn frå og med 17. juli og fram til valdagen 11. september.

Manntalet ligg til offentlig ettersyn på desse stadene:

- Publikumsmottaket på kommunehuset
- Joker
- Coop Ose
- Coop Byglandsfjord

Har du nyleg flutt til kommunen og folkeregisteret har tatt imot flyttmelding frå deg innan 30. juni 2023, skal du stå i manntalet i tilflyttingskommunen. Blei flyttmeldinga mottatt etter denne datoen, står du framleis i manntalet i den kommunen du flutte frå. Du kan då velje om du vil røyste der på valdagen eller røyste på førehand.

Dersom du meiner at du sjølv, eller nokon annan med urett er innført eller utelaten frå manntalet, kan du krevje at valstyret retter opp denne feilen. Kravet skal vere skriftleg og grunngjeve.

Adressa til valstyret er:

Valstyret i Bygland, Sentrum 18, 4745 Bygland

Bygland 11.07.23

Sigbjørn Åge Fossdal, *Leiar i Valstyret*

Offisielle vallister – kommune-styrevalet 2023



Bygland valstyre har i møte 31.05.23 godkjent vallistene til kommunestyrevalet 2023

Desse vallistene blei godkjende i møtet:

- Arbeidarpartiet
- Høgre
- Pensjonistpartiet
- Senterpartiet

Du finn vallistene på Bygland kommune si heimeside.

Vallistene ligg og til gjennomsyn på kommunehuset i Bygland.

Viktige datoar

- **03.07.2023: Tidlegrøysting - Kommunestyre- og fylkestingsval 2023**

Ordninga er meint for dei som ikkje har høve til å røysta innanfor førehandsrøystingsperioden eller på valdagen.

Om du ønskjer å røysta mellom 3. juli og 9. august må du ta kontakt med Publikumsmottaket og avtala tid (kvardagar mellom kl 10.00-14.00) for å få røysta.

For å avtala tid kan du sende ein e-post til post@bygland.kommune.no eller ringe 37 93 47 00.

Adresse: Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland

- **03.07.2023: Utanriksstemmegiving - Kommunestyre- og fylkestingsval 2023**

Veljarar som bur eller oppheld seg i utlandet kan førehandsstemma på norske ambassadar og andre utanriksstasjonar eller hos andre utnemnde stemmemottakarar frå 3. juli 2023

Veljarar busett i utlandet får ikkje valkort, men hugs legitimasjon.

Kan du ikkje oppsøkja stemmemottakar?


Dersom du er i utlandet, men ikkje har høve til å oppsøkja ein stemmemottakar kan du brevstemme. Les om brevstemme her:
Brevstemme - <https://www.valg.no/for-velgere/kommunestyre--og-fylkestingsvalget-2023/stemme-fra-utlandet/brevstemme/>

Anbod - Legging av VA-infrastruktur frå Raudbekk til Reise og Legging av avløpsleidning frå Raudbekk til Hamren

Bygland kommune lyser ut anbod på legging av VA – infrastruktur frå Raudbekk til Reise resp. Hamren sør i Byglandsbygda

Vi viser til dokumenta som ligg på Bygland si heimesida.

Bygland kommune sine aktuelle kunngjeringar finn du her:
www.bygland.kommune.no/kunngjeringar.522076.nn.html



Anna statleg informasjon

Datoar for passbilen 2. halvår 2023

Passbilen kjem til Evje **21. september** og **30. november**

Pass og ID-kort

På passbilen kan du få utferda anten pass, ID-kort eller begge delar. ID-kortet gjeld som pass i Europa (Schengen-området) og er godkjent legitimasjon i alle høve i Noreg.

ID-kortet er gyldig i 5 år, medan passet er gyldig i 10 år (for vaksne).

For informasjon om prisar m.m., kan du finne dette på www.politiet.no, eller du kan ta kontakt på politistasjonen på Evje.

Du må bestille time

For å bestille time, kan du gå inn på www.politiet.no. Om du treng hjelp til å bestille time, kan du kome innom Bygland, Evje og Hornnes politistasjon, eller ringe dei på telefon 38 13 68 30.

Du må ha ein mobiltelefon tilgjengeleg når du bestiller, då du må stadfeste bestillinga med ein kode som kjem på SMS.



Ledige stillinger

Setesdal Brannvesen IKS (SBV) Vikariat i 100 % stilling som Brannforebygger

Forventa varigheit 01.11.2023 - 31.12.2025, med moglegheit for forlenging. Fortrinnsvis ved Valle brannstasjon.

Stillinga ligg under brannførebyggjande avdeling og inneber i hovudsak feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

For meir informasjon: www.sb-iks.no



Drift og forvaltning

Sommarstenging av Byglandshallen og Årdalshallen

Idrettshallene blir sommarstengde for organiserte aktivitetar i skuleferien. I Byglandshallen vil styrkerommet vere ope som normalt. Enkeltarrangement i avtale med skuleleinga på oppvekstsentra.




Bilete: Byglandshallen av S. Hegenscheidt

Plan, bygg og eigedom

Kommuneplanen sin arealdel på høyring

Plan-, miljø- og ressursutvalet har vedtatt å sende planforslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 på høyring og legge han ut til offentleg ettersyn. Dette i medhald av plan- og bygningslova § 11-14.



Plan-, miljø- og ressursutvalet behandla forslag til kommuneplanen sin arealdel 2023-2035 i møte 4. juli 2023 sak 60/23.

Har du innspel til høyringsforslaget? Høyringsfrist er **12. september 2023**. Send inn ditt høyringsinnspel ved å nytte det digitale skjemaet på Bygland kommune si heimeside. NB! Personsensitive opplysningar må ikkje bli oppgitt i skjemaet.

Kva skjer etter at du har sendt innspel?

Etter høyringa vurderer kommunen alle innspela. Da kan planforslaget bli endra, eller gå uendra vidare til politisk behandling, avhengig av kva for innspel som kjem inn.

Alle innspela blir lagt ved planen slik at politikarane kan lese innspela.

På heimesida finn du alle dokument i denne saka. M.a. :

- Plandokumenta som er på høyring og offentleg ettersyn
- Digitalt plankart
- Trykte temakart
- Grunnlagsdokument som er brukt i arbeidet med planforslaget

<https://www.bygland.kommune.no/kommuneplanen-sin-arealdel-paa-hoeyring.6612201-522036.html>

Kultur

Sommarles 2023

Sommarles.no er ein digital lesekampanje for 1.-7. klasse, som varer frå 1. juni til 31. august. På Sommarles.no kan du registrere bøkene du les, samle poeng,



få kule premiar og lesetips, lese den eksklusive Sommarlesforteljinga, løyse oppgåver og følge med på kva vennene dine les!

Vil du vite meir om Sommarles? Sjå altom.sommerles.no

Informasjon om dronebruk i turistsesongen 2023

Det blir stadig meir populært blant turistar som ønskjer å fange unike bilete og videoar frå lufta. Det er viktig å vere klar over at det er reglar for kvar og kva tid desse kan brukast



Politiet og Luftfartstilsynet har laga ei plakate som viser reglane for dronebruk. Du finn plakata lenger nede på sida, under "Vedlegg"

Reglar for dronebruk

1. Registrer deg på flydrone.no og ta nettkurs og eksamen
2. Sørg for gyldig forsikring. Droner er luftfartøy og må ansvarsforsikrast
3. Gjer deg kjent med soner for droneforbod. Hald minst 5 km avstand til lufthavner
4. Du skal alltid kunne sjå dronen. Maksimal flyhøgde er 120 meter over bakken
5. Unngå å fly over andre personar. Ikkje fly over folkemengder, festivalar, sportarrangemen o.l.
6. Om dronen veg 500g - 25 kg (eller er merka C2 - C4): Hald minst 150 meter avstand frå bebygde område og uteområde der mange ferdast og minst 30 meter frå andre personar

Informasjon til dei som har søkt om kulturmidlar

Bygland kommune ønskjer å informere om at tildelinga av kulturmidlar er forseinka.

Vi arbeider for at utbetalinga kjem til å skje i august.

Vi er lei oss for dei ulempene dette måtte medføre.



Kyrkjene i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkelyd.no og på Facebook.

Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173

Gudstenester (med atterhald)

- søndag 20.08. kl. 16.00: Gudsteneste i Årdal kyrkje v/ Kjell Steinbru

Evangelisk song- og musikkdag på Ose,

laurdag 5. august frå kl. 12.00

Saman med dyktige musikkarar, deltek Judith Myrseth og Bente Risdal. "Songvert" er Oddvar Høgevoll.

Program:

- kl. 12.00 Minikonsert ved Coop Ose
- kl. 14.00 "Ettermiddagssong" med utlodning. Mange fine gevinstar!
- kl. 17.00 Stor song- og musikkveld m/ apell.

Salg av pølse og brød, kaffi og kake mellom møta. Kontant eller Vipps.

Hjarteleg velkomne frå by og land!

Country-gospelkonsert med The Browns i Bygland kyrkje, tysdag 15. august kl. 19.00

Billettpris: kr. 250,- ved inngangen på Vipps eller kontant

Arrangør: Bygland sokneråd i samarbeid med Skjærgårdssang



Bilete: Årdal kyrkje av Susanne Hegenscheidt



Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: *Bygland frivilligsentral, Sentrum 18, 4745*

Bygland, e-post: post@bygland.frivilligsentral.no.

Nettside: bygland.frivilligsentral.no



INFO: I sommar vil Olav Grendstad vere vikar for Anne Fauske på BUA. Friviljuge vil fortsatt vere engasjerte, men med Olav som ansvarleg. Alt av spørsmål kan rettes til han, tlf. 906 65 459.

Ved andre spørsmål ta kontakt med leiar samfunnsutvikling/ass. kommunedirektør Aslak Brekke, tlf. 916 93 675.

Opne aktiviteter:

- BUA Bygland (tidlegare Utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Bygland frivilligsentral:

- Språkkafé 15.08. og 29.08. kl. 12.00
- Bingo 15.08. og 29.08. kl. 18.00
- Strikkekafé: 17.08., kl. 18.00
- Tysdagcafé: 22.08. kl. 12.00
- Bygdemiddag: 22.08. kl. 16.30 – 18.00
- Oppstartsdato av andre aktivitetar er ikkje klar enda

Bygland Ungdomsklubb: SOMMARPAUSE fram til veke 33 😊

Folg med på klubben sin Facebook-side.

Tømekalender for Bygland kommune – august 2023

- *Papir og plast*: veke 32: tysdag 8.08.
- *Matavfall og glass/metall*: veke 32: torsdag 10.08.
- *Matavfall og restavfall*: veke 34: torsdag 24.08.

Gjenvinningsstasjoner

Nesmoen, Bygland: kvar 2. onsdag i måneden kl. 14.00 – 18.00 (09.08.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (26.08.)

Syrtevit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00–19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00–13.00 (12.08.)
Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 48:

Bilete: Framside: På veg opp til Kvålsnåpen av

Frank Egil Reise. Innhold (m. m. anna er spesifisert): pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anne Fauske. Kva skjer: S. H. Takk til alle fotografer!

Redaksjon: Susanne Hegenscheidt. Ingen korrektur grunna ferieavvikling. Byglandsnytt august 2023: 01.09., skrivefrist 29.08.



KINO PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Bygdekinoen – onsdag 23. august 😊

kl. 17.30: Elemental (6 år)

OMTALE

Elemental er ein ny film frå Disney og Pixar sett til Elementby, der eld-, vass-, jord- og luftinnbyggjarar bur saman.

Me møter Tirild, ein tøff, kvikk og eldfull jente som utviklar ein vennskap med den morosame og meir avslappande typen Evann. Vennskapen utfordrar hennar syn på verda dei lever i.

BILLETTPRIS: 110 kr

FILMFAKTA

Regi: Peter Sohn. Produksjonsår: 2023.

Skodespelarar: Leah Lewis, Mamoudou Athie,

Ronnie Del Carmen, Shila Ommi, Wendi McLendon-Covey, Catherine O'Hara.

Sjanger: Animasjon /Familiefilm. Nasjonalitet: USA. Lengde: 1t. 49min.



kl. 19.30: Mission: Impossible - Dead Reckoning - Part One (12 år)

OMTALE

Det sjuande kapittelet i Mission: Impossible-serien, med spektakulære scener frå Vestlandet! Ethan Hunt (Tom Cruise) og IMF-teamet hans må jakte på eit farleg våpen før det fell i feil hender. Rebecca Ferguson, Ving Rhames, Simon Pegg og Henry Czerny returnerer i action-franchisen, medan Vanessa Kirby, Hayley Atwell, Pom Klementieff og Cary Elwes er nye tilskot på rollelista. Filmen er delvis skoten på location i Åndalsnes og Hellesylt.

BILLETTPRIS: 130 kr.

FILMFAKTA

Regi: Christopher McQuarrie. Produksjonsår: 2023

Skodespelarar: Tom Cruise, Ving Rhames, Henry Czerny, Simon Pegg,

Rebecca Ferguson, Vanessa Kirby, Frederick Schmidt, Hayley Atwell

Sjanger: Action /Eventyr /Thriller. Nasjonalitet: USA. Lengde: 2t. 43min.



YMSE

Sommaren er her, og vi håper at Bygland får besøk av mykje turistar.

STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR, Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105

- open dagleg kl. 11.00 – 17.00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og over enkelte turar
- fiske og kvar du kan kjøpe fiskekort i Bygland
- bomvegar i Bygland (som er opne mot betaling)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker

BYGLAND MUSEUM

Presteneset, Bygland

- open dagleg kl. 11.00 – 17.00

Bygland museum er del av Setesdalsmuseet

Er du med på #bygland23?

Vil du trimme både kropp og psyke i sumar? Med hjelp av lokale toppturentusiastar har me samla dei 23 toppane i Bygland kommune som har den beste kombinasjonen av tur, topp og utsikt til fjorden. Kor mange av desse kjem du deg opp på før sumaren er over? Her er alt frå lette små turar på merka løyper, til turar kor du burde være i god form, og ha heile dagen på deg.

Korleis du kjem deg opp må du finne ut sjølv, du kan google, spørre nokon, eller kom innom her på Stoga, så kan Olav gje eit tips eller to. Me har ikkje merka løyper, me har ikkje satt ut postkasser eller postar på toppane. Me har berre vore der og tatt bilete av utsikten. Det kan du òg gjere, ein selfie og merke den med #bygland23 på facebook eller instagram. Alternativt kan ein sende på mms til 907 81 105 (Turistinfotlf.). Premie til dei 3 med flest toppar, og i tillegg vert ein trekt ut bland dei som har minst 1 topp. Sesongavslutning og premieutdeling her i Stoga onsdag 23. august.



Bilete: Olav Grendstad



Ellingsknuten, Ellingstjønn. Foto: Olav Grendstad

Dette er turforslag for dei som vil oppleve Byglandsnaturen på sitt beste, så me tilrår triathlonvarianten. Bad i fjorden, sykle så langt du kjem på vegen mot toppen, og gå resten. Nyttar du bil, parker ved riksvegen, eller ved fylkesveg/kommuneveg, og gå derfrå. Følg elles vanlege reglar for ferdsel i utmark, tak god omsyn til lokale grunneigarar og lokal næring, og ser du søppel, tak det gjerne med deg heim. All ferdsle på eige ansvar. Altå 23 toppar frå 23. juni til 23. august i 2023. **God tur! God sumar! God #bygland23!**

(Tekst: Bygland turistkontor / Olav Grendstad)

Avslutningsfest #bygland23, fredag 25. august, kl. 18.00

Fest med premieutdeling, servering og litt show

Bygland Parkvesen

Sentrumsområdet på Bygland fekk eit løft Bygland parkvesen, eit prosjekt frå [BUA Bygland](#) v/ Olav Grendstad og flyktingtenesten i Bygland, har jobba med oppgraderingen av sentrumsområdet på Bygland. Olav, Andrej og



Yevhen klipte både plen og kant og satte opp blomsterpotter rundt sittegruppen ved bautaen til mesterspelemannen Eivind Danielson Aakhus. [Joker Bygland](#) skal ta vare på blomstene slik det blir ein glede å kvile i Bygland sentrum denne sommaren.

Bilete: Bygland Parkvesen; Olav med Andrej og Yevhen. Fotograf: Susanne Hegenscheidt

BJOREN BRYGGE på Presteneset på Bygland

Konsert med The Polisting

Norges beste STING & The Police-tributeband frontet av Jan Ole Kristensen kommer på besøk til Brygga den 12.08., kl. 20.00 – 23.00



Setesdal Folkemusikkfestival 2023

fredag 04.08. kl. 14.00 – søndag 06.08. kl. 16.00. Bjugsbakkvegen, 4748 Rysstad

Vel møtt til årets folkemusikkfestival i Setesdal!
Sjå s.





SÆBYGGJEN, VALLE
FREDAG 18.AUGUST KL. 18

SLÅTTAR OG MUSIKK FRÅ SETESDAL
MØTER
FOLKESONG FRÅ GEORGIA, KAUKASUS

HALLVARD T. BJØRGUM
OG ENSEMBLE GIORGI



| PETER SIMONSEN |
 | SVEND WAAGE |
 | BEKA SEBISKVERADZE |

INNGANG KR. 250
 I SAMARBEID MED VALLE KOMMUNE
 KULTUR OG FRITID

Leirdueskyting 2023 – Bygland Jeger- og Fiskarlag inviterer til leirdueskyting kvar onsdag kl. 18.00 på Bygland leirduebane.

For meir informasjon og pris, sjå Jeger- og Fiskarlag si Facebook-sida.

Foto: Bygland Jeger- og Fiskarlag



Landbruketsdag på Evjemoen er messa for deg som vil oppleva lokal mat, landbruk og flotta aktivitetar. Landbrukets dag er ein årleg møteplass for menneske frå bygd og by, og ei stormønstring av landbruk, bygdekultur og opplevingar på Agder.



Opningstider:

- Fredag 11. august kl 13.00 – 18.00
- Laurdag 12. august kl 10.00 – 18.00
- Søndag 13. august kl 10.00 – 17.00

Protestfestival - Debatt torsdag 31. august kl. 18.00, Bygland i Setesdal

Debatt: EU: Trengst deit ein ny debatt om EU og EØS?

Med Steinar Kyrvestad, Oda Sofie Pettersen, Per Olav Lundteigen, Olav Læg Reid, Tor Petter Ekroll, Kristin Knutsen, Sofie Marhaug, Andreas Bjelland Eriksen. Debattleiar: Olav Grendstad

SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL 4.-6.AUGUST

FREDAG 4. AUGUST



14.30 **KURS I LUNNHARPE, HÅRDIKKELE, IL**
SETESDALSGANGAR OG KVEDING.
Hylestad sølvehus. Oppmøte kl. 14.00!

Det blir også egen masterclass i kveding med **Kirsten Bråten Berg**
Påmelding innen 1. august til kirstenbratnberg@gmail.com

Billett: kr.200/150 (student/homormedlem) + billettavgift

19.00 **OPNING AV SETESDAL FOLKEMUSIKKFESTIVAL**
VED FYLKESPOLITIKAR GJØR BRÅTEN

«DEI STRAUKE LANGS VEGG»S KONSERT MED
JIM ROGER PETERSEN MED FAMILIE OG GJESTER.

Merkerende:
Nora Christin Petersen - song
Jim Roger Petersen - song og gitar
Lydla Sofie Petersen - song
Leiv Solberg - gitar
Sigrd Kjartisdóttir Jone - lydving/song

Billett: kr.200/150 (student/homormedlem) + billettavgift

LAURDAG 5. AUGUST



09.00 **«BITA»**
Sentromskulest med underholdning!
Coop Pire Hylestad
Gratis

11.00 **LADAKAPLEIK**
Kappelkonjesting for barn i Hylestad sølvehus.
Gratis

12.00 **KAPLEIK**

Den tradisjonelle Sør- og Øst-Norsk gitarom vart som av utvalden på laurdagen, i Hylestad sølvehus. Her kan en leve i spelt, dans og vokal. Alinei, i gruppe eller i lag.

Påmelding i døra mellom kl. 11.00 og kl. 11.50!
Billett: kr.200/150 (student/homormedlem) + billettavgift

14.00 **DOMMELEIKONSERT**

Gratis

Dommeleikonsert med **Kirsten Bråten Berg**, **Leiv Solberg**, **Valle Inkarving** og **Odne Støllen Rødsdal**. I tillegg ved Knut Heidsrødg på bordsida av sølvehuset.



20.00 **PREMIERDELING I MATSALEN**

KONSERT MED RESJEMHEIA

Resjemheia er fjellvegvingen mellom folkekunnskulebygda Be og bluesbyen Moeldden, noko som er best.nr.ande for bandet der hardingfelle og bluesmusikken mest. Bandet baserer seg på originalkomponert musikk samt tradisjonelle sjåttar, og har fått stor meksemnd for det drivende og dynamiske musikkuttrykket dei skapar seg i mellom.

Merkerende:
Ottar Klau - hardingfelle
Harris Kløppen - bass
Kenneth Kjøpstad - trommer

Billett: kr.200/150 (student/homormedlem) + billettavgift

Etter konserten blir det duns i salen med ulike aktørar.
Gratis etter konserten.

KULTURRÅD • SETESDALSVARKE

BILLETTPRISAR
Gaste imorges under 18 år
Gjennomgangsbillett: kr. 800/700 (student/honørmedlem)

PREMIAR
1. og 2. premie: kr. 1000
3. premie: kr. 500
4. premie: kr. 250
5. premie: kr. 100
6. premie: kr. 50
7. premie: kr. 25
8. premie: kr. 10
9. premie: kr. 5
10. premie: kr. 2

OVERNATTING
Overnattingsmuligheter på Setesdal Hotell og Feriecenter:
post@setesdalferienrad.no eller på telefon 37 93 61 30

KONTAKT
E-post: post@setesdalferienrad.no
www.facebook.com/setesdalferienrad

Det blir så av tradisjonell og korreist mat!

SPONSORAR



SOVINGARDEN HOTELL OG FERIESENTER
COOP PRIS HYTTESTAD | SETESDAL BIØRTER
KNUT HOVIET INSTALLASJONER AS | HASLA
HOVDEN HYTTESERVICE | COOP EXTRA HOVDEN
OTRA KRÅFT | VALLE SPAREBANK



SUNDAG 6. AUGUST



11.30 RUNDTUR MED VETERANBUSSAR I VALLE
Start ved Valle skule.

Historisk rundtur med veteranbussar og bilar, i tillegg til våre fremste folkemusikarar frå Valle. Ved endestasjonen i Valle sentrum vert det servering av godt «Sæbyggen» for kyrkjekonserten.

Oppmøte på parkeringsplassen til Valle skule senast kl. 11.30. Her vert det servering av tradisjonell og korreist mat og fersk kaffe. Kl. 14.00 kan du enten registrere deg for å sjå ut i Valle skule, eller gå (1,4 km).

Billett: Konserter i Valle kyrkje: kr. 200/150 (student/honørmedlem) + billettavgift. Veteranbussar, mat og fersk kaffe: kr. 400 – billettavgift. NB: Gjennomgangsbilletter gjeld ikkje for veteranbussar og kyrkje-konserter. Påmelding til: post@setesdalferienrad.no



14.00 KYRKEKONSERT I VALLE KYRKE

Medverkande:

Jim Roger Pettersen med familie
Arve Moen Bergset

Ottar Kåsa

Jim Roger Pettersen

Juliane kvædrar og spelmann

Knut Olav Oppstad er organist.

Konsertar, kappleik, kurs og dans

**SETESDAL
FOLKEMUSIKK-
FESTIVAL**

Rysstad og Valle, 4. – 6. august

2023

RESJEMHEIA

ARVE MOEN BERGSET

FAM. PETERSEN

KIRSTEN BRATEN BERG

HALLVARD T. BJØRGUM

GUNNAR STUBSEID

DANIEL SANDEN WARG

SIGRID K. JØRE

JOHANNE FLOTTORP

ANON EGELAND

LEIV SOLBERG





Opne turar 2023

Søndag 4.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 11.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 18.juni kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 25.juni kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 2.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 5.juli kl. 12.00	fra Bygland
Lørdag 8.juli kl. 11.00	Bygland-Ose, ikke retur
Lørdag 8.juli kl. 14.00	times tur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 12.00	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl. 13.30	timestur på Ose (matfestivalen)
Søndag 9.juli kl 15.00	Ose - Bygland, Ikke retur
Onsdag 12.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 16.juli kl.12.00	fra Bygland
Søndag 23.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 26.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 30.juli kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Onsdag 2.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 6.august kl. 12.00	fra Bygland
Søndag 13.august kl.12.00	fra Bygland
Søndag 20.august kl. 12.00	fra Byglandsfjord
Søndag 27.august kl. 12.00	fra Bygland

Om turane kl.12.00 er utselde vert det om mogeleg sett opp ekstraturar kl.14.00

BILLETTPRISAR:

Familie: Kr. 750,00

Vaksne: Kr. 300,00

Born: Kr. 175,00

BOOKING OPNE TURAR:
Setesdalsmuseet



www.bjoren.no

Telefon : +47 995 18 203

Epost: bjoren@aama.no



KVA SKJER I BYGLAND?

AUGUST 2023

(med atterhald om endringar)

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	ARRANGEMENT
onsdag 02.08.	D/S Bjoren, Bygland	12.00	Open tur med D/S Bjoren
	Bygland Jeger- og Fiskarlag,	18.00	Leirdueskyting 2023, Bygland leirduebane
fredag 04.08.-sundag 06.08.	Setesdal Spelemannslag, Rysstad	Sjå s.	Setesdal Folkemusikkfestival 2023
laurdag 05.08.	Ose grendehus	12.00	Evangelisk song- og musikkdag (sjå s. xx)
onsdag 09.08.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
fredag 11.08. –sundag 13.08.	Evjemoen		Landbrukets dag på Evjemoen
laurdag 12.08.	Bjoren Brygge	20.00	Konsert med Polisting
onsdag 16.08.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
torsdag 17.08.			SKULESTART 😊
fredag 18.08.	Sæbyggjen, Valle	18.00	Folkemusikk frå Setesdal og Folkesong frå Georgia
sundag 20.08.	Årdal kyrkje, Grendi	16.00	Gudsteneste
onsdag 23.08.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
	Bygdekinoen på Bygland kulturscene	17.30	Film: Elemental (6 år)
		19.30	Film: Mission Impossible – Dead Reckon (12 år)
fredag 25.08.	Stoga kafé, Bygland	18.00	Avslutningsfest #bygland23
onsdag 30.08.	Bygland leirduebane	18.00	Leirdueskyting 2023
torsdag 31.08.	Bygland kulturscene	18.00	Protestfestival oppstart, Bygland – EU-debatt

Bygland frivilligsentral: sjå s. 8